



**Styremøte i Helse Finnmark HF**

**Dato. 1. desember 2011**

**Møtedato: 8. desember 2011**

**Saksbehandlar: HMS-rådgjevar Andreas Ertesvåg**

<b>Sak nr:</b>	<b>70/2011</b>
<b>Namn på sak:</b>	<b>Verdibasert Hverdag</b>

**Adm. direktørs tilråding:**

1. Styret i Helse Finnmark tek arbeidet som er gjort i prosjektperioden til orientering.
2. Styret ber om at opplæring i etikk og verdispørsmål blir inkludert i opplæringsplan for internt HMS-grunnkurs og leiarutviklingsprogram.
3. Styret ber om at mandatet til Samarbeidsforum og Kvamråd og –grupper blir utvida til å inkludere krav om fokus på etikk og verdispørsmål. Klinisk etikk komité skal bidra i fortsetjinga som ei fagleg ressursgruppe i verdiarbeid og etikk.
4. Styret støtter vidareføring av arbeidsgruppa til 01.07.12, for å hjelpe avdelingar med opplæring om prosjektet.
5. Styret gir adm. direktør, i samråd med arbeidsgruppa for prosjektet, støtte til å utarbeide og gjennomføre detaljar for implementering av verdiarbeid i linjestrukturen.
6. Styret ber administrerande direktør rapportere om status for etikk og verdispørsmål i Helse Finnmark i styremøtet i mai 2013.

**Vedlegg:**

1. Saksframlegg.

**Hans Petter Fundingsrud**

**Adm. dir.**



Saksbehandler: HMS-rådgiver Andreas Ertesvåg  
Møtedato: 8. desember 2011

---

## Styresak 70/2011 Verdibasert Hverdag

### Bakgrunn

Verdibasert Hverdag er eit felles prosjekt for alle helseføretaka under Helse Nord. Prosjektet har hatt som mål å fremme spesialisthelsetenesta sine kjerneverdier, kvalitet, tryggleik og respekt. Synleggjing og aktiv bruk av verdigrunlaget skal vere eit resultat av prosjektet. Prosjektperioden er 2009-2011. Prosjektet er organisert med prosjektleder tilsett i Helse Nord, og lokale arbeidsgrupper i det enkelte helseføretak. I tillegg er det ei styringsgruppe for prosjektet.

I Helse Finnmark har arbeidsgruppa bestått av representantar frå dei ulike klinikkane, Klinisk etikk komité (KEK), tillitsvalte og Brukarutvalet. HMS-rådgjevar har vore leiar for arbeidsgruppa. I tillegg til medlemmane av prosjektgruppa, har regional prosjektleder vore ein viktig støttespelar for arbeidet i Helse Finnmark. Arbeidsgruppene får dei respektive føretaka har og samarbeida.

For å introdusere prosjektet, og gi eit grunnlag for vidareføring ut i avdelingane, er det arrangert fagdagar med Verdibasert Hverdag som tema. Samlingane har fokusert på bakgrunnen for prosjektet, kvifor diskutere etikk og verdier, korleis diskutere etikk og verdier og gjennomføring av "kafédialog" som arbeidsmåte for å diskutere verdispørsmål. Arbeidsgruppa har hatt ei tilnærming der prosjektet er presentert som ei vidareutvikling av ting som ligg i organisasjonen. Denne tilnærminga har vore viktig for å oppnå suksess. Opplæringa er gjennomført med gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Det er gjennomført fagdagar for samarbeidsforum, klinikk Kirkenes, klinikk Hammerfest, klinikk for psykisk helsevern og rus og eit fellesmøte mellom Brukarutvalet og føretaksleiinga. Klinikk for prehospitale tenester har planer om å gjennomføre opplæring om Verdibasert Hverdag. På fagdagan hos klinikkane har målgruppa vore klinikkleiinga og avdelingsleiarane. Desse skal så ta arbeidet vidare ut i sine avdelingar.

I praksis har det vist seg å vere utfordring å ta prosjektet vidare ut i avdelingane. Fleire grunnar er nemnt til dette. Ikkje alle leiarar føler seg trygge i metodikken, og at dei klarer å gjennomføre fagsamling om prosjektet. Tid og ressursar er og nemnt som ein viktig grunn. Det er vanskeleg å sette av nok tid til å gjennomføre ei lengre samling med dette som fokus. Frå dei avdelingane som har gjennomført fagsamling med fokus på prosjektet, er tilbakemeldingane gode. Verdiarbeid er verdt å bruke tid på. Samtidig blir det presisert at det ikkje er nytt å arbeide med verdier. Dette er noko avdelingane alt gjer, men dei er kanskje meir medvitne på det no.

Føretaksleiinga melder og om at dei brukar arbeidsmåtar frå prosjektet til å diskutere relevante saker.

Arbeidsgruppa har utarbeida det dei kallar ei "leiarpakke". Dette skal vere eit hjelpemiddel for leiarar til å gjennomføre fagsamling om Verdibasert Hverdag. Pakken inkluderer

presentasjon av tema, og korleis ein kan diskutere etikk og verdiar. Det er og lagt ved introduksjon til, og spørsmål for, gjennomføring av kafédialog.

Det vil og bli utarbeida eit arbeidshefte. Dette heftet skal vere eit hjelpemiddel til å diskutere etikk og verdiar. Det inkluderer både hjelpemiddel og råd til korleis ein kan diskutere etikk og verdiar, samt spørsmål til refleksjon og ettertanke. Arbeidsheftet bygger på tilsvarande hefte frå Nordlandssjukehuset. Dei har hatt gode erfaringar med sitt hefte. Heftet er venta å vere klar før jul.

Verdiar er i varierende grad eit tema i organisasjonen. Prosjektet er med på å skape større medvitskap om verdiar og at dette er ein del av den daglege diskusjonen. Gjennom opplæring og reiskap som leiarpakken og arbeidshefte, skal tilsette få fleire hjelpemiddel til å ta desse diskusjonane.

Prosjekt Verdibasert Hverdag blir avslutta den 31.12.2011. Arbeidsgruppa legg fram eit forslag til vidareføring det arbeidet som er gjort, og målsettinga til prosjektet.

### **Vidareføring av prosjektet**

Erfaringane til arbeidsgruppa dei siste to åra tilseier at det er viktig å vidareføre verdiar som eit fokusområde. Ut frå sine erfaringar foreslår arbeidsgruppa følgjande plan og ansvarsfordeling for vidareføring.

Det er identifisert tre plattformer for vidareføring av prosjektet:

#### **1. Opplæringshjelpemiddel**

Gjennom prosjektperioden er det samla inn ein del kunnskap og erfaringar.

Arbeidsgruppa har forsøkt å samle dette i to opplæringshjelpemiddel. Dette er reiskap som skal legge til rette for diskusjon av etikk og verdispørsmål hos alle. Dei skal kunne brukast både i organisert opplæring, som ulike kurs, og til dømes i avdelingsmøtar eller individuelt.

Arbeidsgruppa har lagt vekt på å ta utgangspunkt i opplevinga av verdiar tilsette erfarer i kvardagen. I størst mogleg grad prøvar ein å bruke ord og uttrykk som alt er i bruk i organisasjonen, og som folk kjenner. For lettare vidareføring er praktiske eksempel inkludert i arbeidsheftet. Dette gjer det og lettare for andre og lage eigne eksempel frå sin kvardag.

Til saman skal dei to hjelpemidla gjere det lettare å vidareføre prosjektet utan dagens arbeidsgruppe.

Opplæringshjelpemiddel arbeidsgruppa har laga er, som tidlegare nemnt, ei leiarpakke og eit arbeidshefte.

#### **2. Opplæringstiltak**

I prosjektperioden har arbeidsgruppa vore initiativtakar til, og stått for opplæring.

Opplæring nødvendig for å gi tryggleik og kompetanse til å diskutere etikk og verdispørsmål på ein god måte. Verdiar er i større eller mindre grad ein del av alle sin kvardag. Men det å aktivt skulle diskutere verdiar kan vere framand. Ved å ha eit tilbod om opplæring er det lettare å ta tak i desse spørsmåla, og identifisere verdispørsmål i

kvardagen. Opplæringstiltak er og med å sette desse temaa på agendaen, og samstundes gjere folk medvitne på problemstillingane.

Arbeidsgruppa trekker fram to opplæringstiltak i helseføretaket der opplæring i etikk og verdispørsmål gå inn som fast del av programmet. Det første er internt HMS-grunnkurs som er eit tilbod til leiarar, vernetenesta, tillitsvalte og medlemmar i relevante utval (FAMU, Kvam). Det andre er leiarutviklingsprogram som helseføretaket tilbyr.

Ansvar for at dette blir gjennomført vil ligge til kurshaldar for dei respektive kursa. Det er anbefalt å bruke KEK som ressursgruppe for planlegging og gjennomføring av opplæringstiltak.

### **3. Arena for verdispørsmål**

Arbeidsgruppa anbefalar størst mogleg bruk av eksisterande utval og grupper for å vidareføre arbeidet. Diskusjon av verdispørsmål bør gå inn som ein fast del av arbeidet til Helse Finnmark sine utval og grupper.

Arbeidsgruppa trekk særleg fram tre fora.

- Kvamråd/-grupper. Dette er utval som når ut i klinikkane og avdelingane. Her diskuterar ein spørsmål om kvalitet og HMS. Fokus på verdi vil vere ein naturleg del i mange av sakene ein diskuterer.
- Samarbeidsforum. Ein viktig møtearena mellom føretaksleiinga, tillitsvalte og vernetenesta. Sentrale spørsmål som påverkar den daglege drifta og utvikling av helseføretaket blir diskutert her. Eit særskilt fokus på etikk og verdier vil vere naturleg.
- KEK. Dette er den største faglege ressursgruppa i føretaket for diskusjon av verdier og etikk. Arbeidsgruppa anbefalar at dette blir ein ressursgruppe som kan støtte andre utval og delta i opplæringstiltak.

Arbeidsgruppa anbefalar at fokus på etikk og verdispørsmål blir teke inn i mandatet til Samarbeidsforum og Kvamråd/-utval. KEK sin rolle som ressursgruppe for etiske spørsmål i helseføretaket bør vidareførast.

Helse Finnmark har og fleire andre fora der fokus på etikk og verdier bør vere ein sjølvsagt del av den daglege dialogen. Dette inkluderer blant anna avdelingsmøtar, klinikkleiarmøte, FAMU, møter i føretaksleiinga og styret. Arbeidsgruppe vel å fokusere på utvalte grupper i sitt forslag til vidareføring. Dette vil gjere det lettare å følgje opp og vidareføre arbeidet. Samtidig vil fokus på desse sentrale gruppene kunne gi ein smitteeffekt til resten av organisasjonen.

Arbeidsgruppa anbefalar i tillegg at administrasjonen innfører fokus på etikk og verdispørsmål som overordna tema på avdelingsmøtar. Dette gir grunnlag for at etikk og verdier bør bli ein variabel avdelingsleiarar rapporterar på.

Fordelen med å bruke eksisterande fora, er for det første at dette er arenaer som alt har legitimitet i organisasjonen. Dette vil gjere det lettare å sette verdispørsmål på dagsorden. Det vil og vere ein fordel å ikkje ha fleire utval enn nødvendig i Helse Finnmark. Mange utval vil gi unødvendig arbeidsmengde og kan svekke legitimiteten til arbeidet som blir gjort. Ei gruppe kan bli oppfatta som berre nok ei gruppe, og ikkje som noko nyttig.

Arbeidsgruppa foreslår at dagens arbeidsgruppe blir vidareført til 01.07.12. Hovudfokus for gruppa skal i denne perioden vere på hjelp til gjennomføring av fagsamlingar i avdelingar som ikkje har gjort det. Dette vil vere viktig for å sikre at prosjektet er godt implementert i organisasjonen, og vil fortsette etter prosjektperioden er over. Arbeidsgruppa har mykje kompetanse som vil vere nyttig i denne vidareføringsperioden.

### **Finansiering**

Gjennom størst mogleg bruk av eksisterande organisering, vil det vere minimale ekstra kostnader ved vidareføring av arbeidet. KEK kan ha behov for auka ressursar om dei blir meir etterspurt til opplæringstiltak. For kurs, vil denne kostnaden dekkast gjennom budsjettet til kurset, og ikkje som særskilt tilføring til KEK.

Det kan kome ein kostnad viss ein ønskjer å trykke opp arbeidsheftet. Alternativt kan ein tilby berre ein elektronisk variant. Men dette har to negative sider. For det første er det ikkje like lett å jobbe med heftet når det berre er elektronisk. For det andre vil dette resultere i at mange skriv ut heftet, som berre flytter kostnaden til kvar enkelt avdeling. Samla sett vil det truleg bli rimelegare og betre å tilby heftet både elektronisk og i papirformat.

Om ein ønskjer det kan ein bruke ressursar til å gi heftet eit betre og finare design enn det arbeidsgruppa lager på eigenhand. Arbeidsgruppa at det i samråd med administrasjonen og økonomiavdelinga gjerast ei kostnadsvurdering av ulike alternativ.